



Familien Aakre trivs i Herøysund og håpar at skulen får bestå. Ellen og Åge har borna Tonje (9), Erlend (4 1/2) og Erik (2). (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Hvis elevane frå Bringedalsbygda blir flytta over til Uskedalen, får Uskedalen ein dårlegare skule og ikkje det motsette, som rektor Vidar Haugland hevdar. Difor er det viktig at også uskedelingane engasjerer seg i denne saka og difor er det positivt at det blir halde eit møte om skulestrukturen i Gamleskulen måndag. Der bør også folk frå Herøysund møta fram.

Det seier Åge og Ellen Aakre i Herøysund, som er sterkt engasjert i strukturdebatten og kjempar energisk for at skulen deira skal bestå. Dei har tre ungar og den eldste av dei, ni år gamle Tonje, går i tredje klasse. Ellen er framtidig lærar, har vikariert ved skulen som er nedleggjingstruga og er medlem av FAU. Ho har skreve innlegget som vi gav att i går under titelen "Betre i Uskedalen?" og vil presisera at innlegget inngjekk i ein lengre diskusjon om skulestrukturen på "Kvardag" og dermed var trukke ut av sin samanheng.. - Men eg står for kvart ord, seier Ellen. Ho har sjølv budd i Uskedalen og mora hennar bur der i dag.

Ellen kjem attende til dei mange rapportar som viser at små skular er betre enn store og strekar under at det i høgste grad gjeld også dei fire som er nedleggjingstruga i Kvinnherad. Ho kan ikkje finna nokon god grunn til nedleggjing, korkje pedagogisk eller økonomisk. Og ho hevdar at det ikkje er nokon parallell mellom det pedagogiske tilbodet og storleiken på skulen.

Om Uskedalen sin situasjon i dette biletet seier ho:

- Denne saka angår ikkje berre vår bygd, men også Uskedalen. Ved ein overføring av Bringedalsbygda skal 65 "nye" elevar vera med og dela på dei samme godane som dei 100 Uskedalselevane har i dag. Det vil ikkje automatisk bli sendt pengar med elevane frå Bringedalsbygda som tilsvarar kostnaden ved å overføra dei. Dei vil i hvert fall ikkje få med seg 4,5 millionar som er budsjetten i dag. Dermed blir Uskedalen ein dårlegare skule, ikkje ein betre. Det er heller ikkje sjølvagt at det er positivt sosialt sett hvis ein skule blir større. Elevane ved ein firedelt skule som vår leikar med elevar både over og under. For Tonje sin del har ho dermed 30 leikekameratar

Ellen og Åge er som mange andre redde for for korleis det skal gå med Herøysund hvis skulen forsvinner.
- Dette er like mykje ein debatt om framtida for bygdene som om skulestrukturen, slår dei fast.

Dei finn det også uforståeleg og forkasteleg at ein skal leggja ned ein skule der området rundt snart er rusta opp for godt over ein million, fordelt med 700.000 på leikeapparatar og 500.000 på ballbinge. Veg- og stinettet er også rusta opp slik at området snart er bilfritt. Og innvendig har det funne stad eit omfattande miljø-løft.

- Kva med overføring til Husnes?

- Problematikken blir den same, men vi vil ikkje ta stilling til om vi skal den eine eller den andre vegen.

Vi kan ikkje sjå at ein kan oppnå noko positivt ved ein nedleggjing av gode skular. Og det er gode skular alle fire.

Av Ola Matti Mathisen